

Til:
NVE
Postboks 5091
Majorstuen
0301 Oslo

Frå:
Aurland fiskeadministrasjon
Onstadvegen 25
5745 Aurland

Høyringsuttale revisjon av konsesjonsvilkår av Aurlandsvassdraget, Aurland og Hol kommunar.

Høyringsuttale 201400584

Høyringsinnspel frå Aurland fiskadministrasjon.

Aurland fiskeadministrasjon sitt føremål er å administrera sal av fiskekort for fjellfiske i Aurland kommune og fordela inntektene til fiskerettshavarane. Stort sett alle grunneigarar i Aurland er medlemar i Aurland fiskeadministrasjon.

På Årsmøtet i fjor vart det vedteke å senda høyringsuttale når revisjonen av konsesjonsvilkår for Aurlandsvassdraget vart opna. Saka me ynskjer koma med fråsegn om er den auka tilgroinga i vassdraget nedstraums Vetlebotnvatnet i Aurlandsdalen. Det er spesielt Øystølsvatnet, Aurdalsvatnet og Nesbøvatnet me er uroa for. Den minska vassføringa på grunn av utbygginga og fråværet av flaumar i Aurlandsvassdraget har ført til att nesten alle grunnene i Øystølsvatnet no er dekkja av eit grønt sivlag, truleg Krypsiv. Dei grunnene som har størst vassgjennomstrøyming nær utløpsosen er enno ikkje dekkja. Dei mest utsette plassane er grunne parti uti vatnet. Krypsiv er ein art som breier om seg og ødelegg gyteplassar og forandrar vassgjennomstrøyminga i vatn og vassdrag. Fisket blir vanskelegare å gjennomføra fordi krokhar henge seg fast, og garna blir stappfulla av denne plagsame grøne vassplanta. Det er eit aukande problem i Noreg i fylgje NIVA sine nettsider.

Når ein les om årsaker til auka utbreiing av krypsiv så vert det peika på for mykje næringsstoff i vatnet, auka temperatur og fråvær av flaumar på grunn av vassdragsutbygging. I Aurlandsvassdraget er det mest nærliggande å peike på den reduserte vassføring og fråværet av flaumar som den mest trulege årsaka. Me ser att det har byrja spreie seg nedstraums og større parti i Aurdalsvatnet og Nesbøvatnet har og byrja gro igjen.

Når ein ser på tiltak så er det nokre plassar dei har fjerna sivet mekanisk, men viss ein ikkje gjer noko med årsakene blir det som å fjerne symtoma og ikkje grunnen til attgroinga. Med kun mekanisk fjerning, veks det berre til att etter kort tid. Truleg er det mekanisk fjerning i tillegg til større variasjon i vasstand og flaumar som må til for å begrensa utbreiinga av denne vassplanta.

Aurland fiskeadministrasjon ser med uro på auken i utbreiinga av det som truleg er Krypsiv i Aurlandsvassdraget nedstraums Vetlebotnvatnet. Meir variasjon i vasstand og større flaumar i

tillegg til mekanisk fjerning vil truleg gjera att Krypsiv ikkje lenger kan veksa uforstyrra over mange år. Meir variasjon i vasstand og å sleppa på større flaumar vil og reinska opp og halda flaumløp opne. Det vil gjera vassdraget meir levande fordi det motverkar sementeringa av elvebotn og vil gjera forhalda for fisk og botndyr betre i heile vassdraget. Dette er noko Aurland elveeigarlag og påpeike i den delen av vassdraget der laks og sjøaure vandre. Fråværet av flaumar og lite vassføring gjer oppvekstvilkåra for yngel og småfisk dårlegare.

På vegne av alle grunneigarane nedstrøms Vetlebotndammen i Aurlandsdalen.

Aurland 13. mars 2024

Håkon Øydvin
Styreleiar
Aurland fiskeadministrasjon